

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø

Emne: Lauving

Bygdelag: Berge m. fl.

Oppskr. av: Anders H. Berge.

Gard: Berge

(adresse): Nordeide

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, far og oldemor.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Lauv som rispes av trærne.

1. Her i bygda har det vore lauva årlig. Ein saueflokk på 20,25-30 styk. har fått lauv ein gong kvar dag ifrå dei var innesette om hausten til dei kjem utatt på beite om våren. Lauvet har då vore rekna som årvist for.

For dei bruk som ikkje har fått arbeidshjelp dei siste åra har dei slutta med lauinga, for dette arbeid har kravt mykje arbeidshjelp. Alle brukarar som har eigne born eller arbeidshjelp driv framleides årlig lauing.

2. Sossnart høyslåttan er ferdig tek dei til med lauing. lauvingsbelet er det for dei fleiste fyrst i juli og august. Her vert logga altslags lauv. Ja til og med older har vore mykje brukt dei siste 40-50 åra. Olderlauvet må helst hoggast i turt godt ver, og når sola har steikt det litt tekk me lauvet inn i loda og set det tatt saman. på den måten er lauvet like grønt om vinteren når ein tek til å brukar det. Alle andre lauvsorter må ein turka godt ute før ein tek det inn eller legger det i stakk. Stakk har vore lite brukt her, men det kan henda av og til at ein må gjera det. Lengre inne i Sognebygderne brukar dei for det meste stakk, avdi dei har mindre lørøm for å turka det inne. Namnet som for det meste er bruka her er Logging

2

3. Her i bygda har vore brukt snidil-uttalast snel- med sterkt uttryk på siste bokstav. Snel arbeide smeder- ne her så ein slapp å kjøpa dei.

Ikkje annat enn almlauv vart rispå med hand. Beite lauv vart mest brukt til grisemat. Lauvet vart kokt i ein koparkjel saman med småpoteter eller annan ruskemat. t. d. høyfrø m. m. Når ein rispa lauvet hadde ein ein ullvott på handa.

4. Ikkje i vår grend er brukt stuving i større bun. kan henda av ig til at ein sjer greiner av ask og bjørk, men i grannebygda vår er det mykje stuving av bjørk. Me har som regel unngått det, avdi me meiner det er å sjemma tree ut -elles har jorda mykje å seia for stuvlauving. Der som det er mykje myrlent står bjørkestuerne seg betre enn der som er turlent. Kvar 5 år kan ein styva bjørke og as- kekvister .Sameleis med almtræ. Namnet som me bruka er å stuva tree. Ja, serlig dei gamle asketree og almtreea vart alltid godt medfarne av vore olde og besteforældre.

5. Lauvet vert mest turka inne og er det godt og sta- digt ver turker me det og ute. Det har aldrig vore brukt lauvheskjer her hjå oss. Turker ein lauvet ute må det al- drig verta forturt, hvis så er mysser ein mykje av lauvet så det ofte er berre kvisterne att.

Lauvstakk vert laga som ein høystakk .Helst med stang i mitten. Kjerverne vert lagt med topp mot midten. På toppen bruker ein ullduk eller bølgeblekk.

I kvar stakk pla vera 2-300 styk. Rundt stakken legg for det meste rusprake ,lyngtorv eller annat rusk.

Me rekner med vanlig 5 tju hundra ,men våre fedre brukte 6 tju hundrad.

Askelaup raker me inn om hausten og gjev hesterne og

2. blad kuerne(kyrne det) Surlauv har aldrig vore brukt her.

6. Kjerverne vert enten køyrt heim på vedslede eller reidt heim på hesteryggen. På sleden kan ein køyra 100 råde lauvkjerver .På hesteryggen 50 stk. Dugnad på dette arbeid har aldrig vore brukt.

7. I innmarka vert det lite lauva avdi at skogen er avhoggen og jorda opphøgga dyrka. Mannfolket hogg skogen av og kvinfolka lauver med snelen. Det er mannfolket som mest bind kjerverne saman. Lauvet er alltid lagt oppå lølemmen. Høy må aldrig ligga oppå. Det er mest sauene som får lauv. Av og til får hesterne aspelauv ein kjerv i kvart matmål. Sauene får ein 1/4 -1/2 kjerv kvar ein gong kvar dag.

9. Det beste lauv er ask ,alm og bjørk.

10. Som før sggst er almlau bruka til griserne.Lauvet vert samla i sekkjer .

11. Felles lauving har aldrig vore brukt her i grenda.

12. Det fyrste lauv som fell av tree i hagen vert som oftast raka inn og gjeve kyrna og ungbestia . seinare vert alt hagelsuv og utmarkslauv raka saman og bore inn til underbreidsle for smalen og kalverne. Det vert aldrig brukt som for åt beista. Dette lauv har ikkje vore brukt i krigsåra(.som for.)

Berge den 3 juni 1948.

Anders H. Berge.

---